



Statens vegvesen

Lars Bjørn Lygre og Rita Fløholm
Lurevegen 1498
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
16/106793-21

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.07.2017

Ber om avklaring før vidare handsaming etter veglova – avkøyrsløse – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 3 og 7 – Lindås kommune

Vi viser til vår orientering om utvida svartid på grunn av avvikling av sommarferie datert 29.06.2017. Orienteringa gjeld handsaming av dykkar klage datert 18.06.2017. Vi vil allereie no be om nokre avklaringar frå dykk slik at vi har svaret frå dykk når vi skal starte handsaminga av klagen.

Statens vegvesen er gjort kjent med at de har fått avslag på søknad om frådelling av parsell til bustadforemål med heimel i plan- og bygningslova. De klaga på vedtaket. Fylkesmannen har stadfesta kommunen sitt avslag i sitt brev datert 16.06.2017.

På bakgrunn av dette treng vi ei avklaring frå dykk for kva grunnlag de ønskjer vi skal handsame klagen dykkar etter veglova. Det er no to ulike utgangspunkt slik saka står. De må avgjere korleis de vil vi skal legge handsame saka vidare.

1. De opprettheld søknad knytt til utvida bruk for flytting av avkøyrsløse frå gnr. 58 bnr. 7 til bnr. 3 jf. kart vedlagt søknaden. Søknaden gjeld også tilkomst til frådelt tomt som no er avslått etter plan- og bygningslova. På dette grunnlaget kan de pårekne at klagen ikkje vert tatt til følgje og at klagen vert sendt til vidare handsaming hos Hordaland fylkeskommune.
2. De endrar søknaden til å gjelde berre flytting av avkøyrsløse frå bnr. 7 til bnr. 3 jamfør kart vedlagt søknaden datert 02.07.2016 til erstatning for eksisterande avkøyrsløse som ikkje er i samsvar med tekniske krav. Eksisterande avkøyrsløse på bnr. 7 skal stengast. De kan pårekne å få løyve til utvida bruk av avkøyrsløse dersom vilkår av utbetring av sikt, helling og kurvatur mv. er muleg å gjennomføre. Dei konkrete krava vil framkome i eit eventuelt vedtak etter veglova.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vår handsaming etter veglova gjeld berre avkøyrsla til fylkesvegen og ca. 5 meter inn i avkøyrsla på privat veg. Privat veg vidare inn over eigedomen må avklarast med Lindås kommune. Ettersom det kan vere at kulturminne kan bli råka, og vegen ligg i eit LNF-område (jf. opplysningar i handsaminga av saka etter plan- og bygningslova), så rår vi til at de avklarar eventuell vegtrasé med kommunen før de avgjer korleis de vil gå vidare med saka etter veglova.

Vi ber om ei tilbakemelding frå dykk på om vi skal handsame klagen på grunnlag av punkt 1: opphavleg søknad, eller punkt 2: endra søknad som følgje av avslag etter plan- og bygningslova.

Dersom ingen av desse alternativa er aktuelle ber vi også om å få melding om det.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Tor S. Høyland
fung. seksjonssjef

Moen Kari Elster
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ